

Bedehuset 75 år, markering i helga

10.09.2008



Jon Harald Kjærland og Jan Tvedt er formann og nestformann i Uskedalen Indremisjon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I år er Uskedalen Bedehus 75 år og denne helga blir jubileet markert. Under jubileumsfesten laurdag kveld vil tidlegare generalsekretær i Indremisjons forbundet Ole Abel Sveen tala og syngja og det blir opplesing, matøkt og helsingar. Sveen har også vore på vitjing i Uskedalen tidlegare.

Fram til og gjennom første del av jubileumsåret er det lagt ned bortimot 1.000 dugnadstimar for å gjera huset tenleg etter dei krav som stillast i dag og det har tidlegare i år vore halde fest for å markera det store løftet som no er teke med mellom anna toalettavdeling og kjøken.

. Jon Harald Kjærland, Jan Tvedt og Tore Mathiesen har drege lasset men også andre medlemer har gjort ein stor innsats. Opp til 10 har vore engasjert med dei største oppgåvene.

Uskedalen er ein historisk stad for indremisjonen og det vil sikkert bli markert laurdag. Det var i pinshelga i 1864 misjonsfolket skipa Søndhordland, Hardanger og Voss Indremissions Fællesforening i løa til Hans Døssland.

Men bygda fekk altså ikkje bedehus før i 1933. Møta vart først halde i private heimar og deretter på lemen i skulen. Byggmeister for bedehuset var Johannes Wang og huset vart reist då Ivar Arnesen var formann. I 1963 vart det teke eit stort løft då toalett-tilbygget vart reist. Då var det også stor 100-årsmarkering og årsmøte i Samskipnaden. På 1960-talet var det skule i bedehuset fordi det var plassmangel i skulen.

I 1976 var opprusting av kjøken og kjellarsal ferdig og tidleg på 1980-talet vart vindauge skifta og isolert.

Av Ola Matti Mathisen



Det 75 år gamle huset er no i framifrå stand. (Foto: Ola Matti Mathisen)